

ADVOKATFIRMA KVÅLE ANS

M.N.A.

Storeholmen VTA AS
Sjusetevegen 67
5610 ØYSTESE

Att.: *Steinar Langenes*

Dykkar ref.:

Vår ref.: 4514

Dokumentnr.: 22523

Norheimsund, 08.01.2015

UTKAST TIL PROTOKOLL FOR EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING M. M.

Vedlagt følger utkast til protokoll for ekstraordinær generalforsamling i Storholmen VTA AS.

Som nemnd av Asbjørn Tolo kan utkastet leggjast ved innkallinga som vert sendt aksjeeigarane.

Eg forstod det slik at det er aktuelt for aksjeeigarane å gje Asbjørn Tolo fullmakt til å representera alle i den ekstraordinære generalforsamlinga.

Vidare ligg ved utkast til kjøpekontrakt mellom Storeholmen VTA AS og Kvam herad vedkomande kjøp av alle aksjar i Norheimsund Industriservice AS.

Brev med vedlegg vert også sendt pr. e-post til:
Marie Fraas Aksnes /marie.aksnes@gmail.com
Asbjørn Tolo /asbjorn.tolo@kvam.kommune.no

Dersom det er spørsmål/merknader, høyrer eg frå dykk.

Med helsing



Øyvind Kvåle
advokat

Vedlegg

PROTOKOLL
EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING
STOREHOLMEN VTA AS
(Org. nr. 944 676 716)

I. OPNING

På grunnlag av innkalling vart ekstraordinær generalforsamling i Storeholmen VTA AS opna av styreleiar den 21. januar 2015 kl. 17.00 på selskapet sitt kontor i Øystese.

Det kom ingen merknader til innkallinga, som vart vedteken som lovleg.

Ordførar Asbjørn Tolo møtte for aksjeeigar Kvam herad og med fullmakt frå dei andre aksjeeigarane Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune og Kvam lag av NFU, slik at han representerte alle aksjane i selskapet.

II. VAL AV MØTELEIAR M. M.

Marie Fraas Aksnes vart vald som møteleiar, og Asbjørn Tolo vart vald til å underteikna protokollen saman med møteleiaren.

III. FRAMLEGG FRÅ STYRET

Styret la fram følgjande framlegg:

1. Namneendring

Namnet vert endra frå Storeholmen VTA AS til Hardanger AKS AS og § 1 i vedtektene vert endra til:

- *Selskapet sitt namn er Hardanger AKS AS.*

2. Selskapet sitt føremål

Selskapet sitt føremål vert endra til også å «eiga andre selskap med liknande føremål», og at vedtektene § 2 etter dette får følgjande ordlyd:

- *Selskapet sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, herunder å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.*

-

3. Endring av aksjekapitalen

- Aksjekapitalen vert høgda med kr. 182 000,00 frå kr. 110 000,00 til kr. 292 000,00.
- Aksjane sitt pålydande skal vera kr. 1 000,00.
- For kvar aksje skal det betalast kr. 5 000,00.
- Aksjane vert teikna av:

Kvam herad	91 aksjar
Hordaland fylkeskommune	73 aksjar
Samnanger kommune	18 aksjar

Aksjane skal betalast innan 30.01.2015 til selskapet sin konto.

Vedtektene § 4 vert endra sli:

- *Aksjekapitalen er kr. 292 000,00 fordelt på 292 aksjar à kr. 1 000,00.*

Styret si grunngeving for kapitalhøgdinga er å skaffa nødvendig kapital for kjøp av alle aksjar i Norheimsund Industriservice AS, som også driv attføringsverksemd.

IV. GENERALFORSAMLINGA SINE VEDTAK

Generalforsamlinga vedtok samrøystes styret sitt framlegg om namneendring, føremålsendring og kapitalhøgding, slik det går fram av pkt. III ovanfor.

Vedtektene skal etter dette ha slik ordlyd:

§ 1

Selskapet sitt namn er Hardanger AKS AS.

§ 2

Selskapet sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, herunder å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonæranne økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

§ 3

Selskapet skal ha forretningskontor i Kvam herad.

§ 4

Aksjekapitalen er kr. 292 000,00 fordelt på 292 aksjar à kr. 1 000,00.

§ 5

Overdraging av aksjane skal ha styret sitt samtykkje. Styret skal ikkje gje samtykkje viss overdraginga fører til at aksjemajoriteten ikkje vert verande hjå kommunar eller fylkeskommunar.

§ 6

Selskapet skal leiast av eit styre på inntil fem personar. Tre av styremedlemmene i fellesskap teiknar selskapet sitt firma.

§ 7

Ordinær generalforsamling skal haldast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår. På denne skal følgjande spørsmåla behandlast og avgjerast:

- 1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.*
- 2. Bruk av årsoverskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balansen.*
- 3. Andre saker som etter lov og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga. Innkalling til ordinær og ekstraordinær generalforsamling skjer med åtte dagars varsel. På generalforsamlinga har kvar aksje ei stemme.*

* * * * *

Generalforsamlinga vart deretter heva.

Øystese, 21.01.2015

Marie Fraas Aksnes

Asbjørn Tolo

AVTALE

Mellom **Storeholmen VTA AS** (kjøpar) og **Kvam herad** (seljar) er det inngått slik avtale om aksjekjøp i selskapet **Norheimsund Industriservice AS**:

1. Kjøpar kjøper seljar sine 100 aksjar i Norheimsund Industriservice AS, som utgjer 100 % av aksjane i selskapet.
2. Kjøpesum er avtala til kr. 750 000,00 for aksjane.
3. Overtakingsdato er avtala til 1. januar 2015.
4. Oppgjerdsdato er avtala til 30. januar 2015.
5. Seljar skal straks etter overtaking melda eigarskifte til selskapet, slik at aksjeeigarboka blir korrekt.
6. Seljar skal straks etter overtakinga medverka til at styret i Norheimsund Industriservice AS kallar inn til ekstraordinær generalforsamling, slik at kjøpar som ny aksjeeigar, kan velja nytt styre.
7. Det er eit vilkår frå kjøpar si side at Norheimsund Industriservice AS ikkje har skuldig husleige pr. 31.12.2014.

Norheimsund, ___/___ 2014

for Kvam herad

Asbjørn Tolo
ordfører

Norheimsund, ___/___ 2014

for Storeholmen VTA AS

Styreleiar

Styremedlem

Styremedlem